



Barbro Wiig Sulebakk
Grønlandsvegen 20
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 20/68323

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
30.10.2020

Informasjon om utsatt klagesak samt trong for tilleggsdokumentasjon - parkeringsavtale - gbnr 1/285 Flatøy

Tiltak: dispensasjon for bruksendring fra naust til næring
Byggjestad: Gbnr: 1/80
Tiltakshavar: Øystein Sulebakk
Ansvarleg sækjar:

Kommunen stadfestar å ha mottatt avtale om 4 parkeringsplassar i nærleiken av naustet/næringslokalet frå tiltakshavar den 27.10.2020. Vi viser også til skriv frå Vestland Fylkeskommune som presiserer at klage på dispensasjon frå parkeringskrav framleis gjeld, datert 29.10.2020 og mottatt 30.10.2020. Klage på vedtak om bruksendring er stadfesta trukket i skriv frå Vestland Fylkeskommune, datert 28.10.2020, jf. skriv av 29.10.2020.

I utgangspunktet er kommunen positiv til at det inngås avtale om parkeringsplassar på annenmanns grunn så lenge dei er i nærleiken av eigedomen.

Kommunen informerer både klagar Vestland Fylkeskommune og tiltakshavar at sak 20/1665 vert utsatt til neste APM møte den 09.12.2020. Dette fordi tiltakshavar har illustrert ein moglegheit til å oppfylle parkeringskravet.

I sist saksframlegg til APM og søknad om dispensasjon frå parkeringskrav er parkeringskravet nærare vurdert og stadfesta av administrasjonen:

Parkeringskravet er heimla i kommunedelplanen for Meland føresegn 1.6.9 tabell 4. Den type næring som det søkast bruksendra til er ikkje spesifikt nemnd i tabellen. Det mest nærliggjande er å leggje til grunn forretning som still krav til 1 plass per 40 kvm BRA. Det vil dermed vere krav om 5 plassar, der ein av desse skal vere parkering for bevegelseshemma. I situasjonsplanen er det vist 8 parkeringsplassar, men heile arealet er regulert til anlegg og riggområde.

Kommunen har vurdert avtalen som er sendt inn og finn at den dekker parkeringskravet fullt ut. Dersom avtalen skal erstatta trongen for dispensasjon må avtalen inneholde:

1. Avtalen må illustrere 5 plasser, der ein av desse skal vere parkering for bevegelseshemma.
2. Parkeringsplassane må illustrerast på ein teikning slik at det vert synleggjort at dei følgjer vanlege krav til lengde og bredde. Vanleg lengde er 5m og 2,5m bredde samt 5m lengde og 4,5m bredde for bevegelseshemma.
3. Parkeringsplassane må visast på eit kart som følgjer avtalen. Kartet må også vise avkørsel til parkeringsplassane samt kva trase publikum skal nytte frå parkeringsplassane fram til naustet/næringslokalet.
4. Avtalen skal tinglysast og innehalde eit vilkår om at kommunen må samtykke dersom avtalen kan seiast opp. På denne måten kan kommunen sikre at parkeringskravet er oppfylt.
5. Avtale om parkeringsplassar må tinglysast i samråd med pkt. 1-4. Tinglyst avtale skal dokumenterast overfor kommunen før vi kan ta endeleg stilling til om parkeringskravet er oppfylt.

Saksbehandlingstid på papirinnsendte dokument til Statens Kartverk er to dagar. I tillegg kjem postgangen.

Merk og at avtalen må signerast av signaturberettiget/alle heimelshavere.

Kommunen ber om at tinglyst avtale eller status på tinglyst avtale vert sendt inn **samla innan 23.11.2020** slik at vi har moglegheit til å sjå på saka før neste APM møte den 09.12.2020.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Presisering av trukke klage - Bruksendring - gbnr 1/ 80 og 285 Flatøy
Trekker klage - Bruksendring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy
Parkeringsavtale.pdf

Kopi til:

Barbro Wiig Sulebakk	Grønlandsvegen 20	5918	FREKHAUG
Jens bjordal			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

Barbro Wiig Sulebakk	Grønlandsvegen 20	5918	FREKHAUG
Jens bjordal			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Øystein Sulebakk	Grønlandsvegen 20	5918	FREKHAUG